




STRYN KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret

**24.11.2022**



# Forvaltningsplan for hjort i Stryn kommune **2022-2030**

# Innhald

Innhald.....	1
1 Samandrag.....	2
2 Bakgrunn for overordna mål .....	3
2.1 Gamle måldokument.....	3
2.2 Kvifor nye mål?.....	3
2.3 Krav til kommunale mål for hjorteforvaltninga.....	4
2.4 Organisatoriske utfordringar.....	4
2.5 Andre forvaltningsmessige utfordringar .....	5
3 Kva veit vi om hjortebestandane i Stryn kommune? .....	6
3.1 Bestandane har auka.....	6
3.2 Vektene på dyra har gått ned.....	10
3.3 Kjønnsbalansen er unaturleg.....	10
3.4 Det burde fellast endå meir kalv .....	12
3.5 Vi kjenner hjorten sine leveområde .....	13
3.6 Viktige regionale trekkvegar må sikrast og kollisjonsfaren må ned.....	14
3.7 Faren for sjukdom aukar med større bestandar .....	16
3.8 Vinterbeiteressursane er begrensa, beiteskadene er betydelege og hjorten kan truge det biologiske mangfoldet .....	17
4 Organiseringa av hjorteforvaltninga i Stryn kommune.....	18
4.1 Kommunen sine oppgåver.....	18
4.2 Andre viktige aktørar i viltforvaltninga utanom kommunen .....	18
4.3 Kommunalt viltfond.....	18
4.4 Grunneigarorganisasjonen .....	19
4.5 Framtidig organisering utifrå hjortebestandar sitt leveområde .....	21
5 Forvaltningsmål i planperioden.....	25

# 1 Samandrag

Forvaltningsplan for hjort i Stryn kommune ertsattar den tidligare planen for 2004-2014. Planen gir eit bilde av dagens situasjon, og peiker på ulike utfordringar innan forvaltning og organsering. To av hovudutfordringane er korleis ein skal auke samarbeidet på tvers av ulike vald og forvalte stammen på ein meir berekraftig måte. Forvaltningsmåla er meint å sikre ei meir effektiv forvaltning, ein sunnare hjortestamme, og å redusere negative påverknader som hjorten har på omgjevnadane i dag.

## Hovudmåla for planperioden er:

1. Ei redusert hjortestamme, med ca 700 produksjonsdyr per år.
2. Ei meir balansert stamme med tanke på alder og kjønn.
3. Ei forvaltning som er basert på bestandsplanar og bestandane si størrelse.
4. Jakta skal føregå på ein human, sikker og samfunnsmessig akseptert måte.
5. Leveområde og trekkvegar skal bevarast, og tal påkøyrsalar skal ned.

## Ting vi veit om hjortebestandane i Stryn kommune (sjå kapittel 3.1-3.8):

1. **Dei har auka.** Data frå tidleg nittital og fram til i dag viser at hjortestammen har hatt ei jamn auke, frå ca. 200 til 1000 produksjonsdyr per år. Den tettaste bestanden per areal er i Olden/Oldedalen.
2. **Vektene på dyra har gått ned.** Data viser at den gjennomsnittlege slaktevekta har gått ned for alle typer hjort sidan 1992. Dette trur ein blant anna skyldast høg tettleik av dyr.
3. **Kjønnsbalansen er unaturleg.** Data viser at det er for mange koller per bukk i forhold til det som er ei naturleg kjønnsforhold, som vil vere nærmare 1 til 1. Ved samanlikning av Stryn og andre kommunar ser ein at det er liknande forhold i Volda, Flora og Kvinnherad.
4. **Det kan fellast endå meir kalv.** Sett hjort-data viser at andelen hjortekalvar per kolle er for høg. Dette skyldast truleg eit lågt jakttrykk på kalv.
5. **Vi kjenner hjorten sine leveområde.** Resultat frå Merkeprosjekt Nordfjord Delrapport 2000-2007 gir kunnskap om hjorten sine vinterbeiteområde og trekkvegar. Det gjenstår framleis å lage ein sluttrapport.
6. **Viktige regionale trekkvegar må sikrast og kollisjonsfaren må ned.** Merkeprosjekt Hjort Nordfjord har avdekka fleire regionalt viktige trekkvegar, som stemmer overeins med kor det skjer mest viltpåkøyrsalar. Eit eksempel er kryssinga av riksveg 15 mellom Sindre og Vegtun. Det er liten samanheng mellom antal fallvilt registrert og kostnadane knytt til fallviltarbeid, som kan skyldast ulik tidsbruk i samband med ettersøk m.m.
7. **Faren for sjukdom aukar med større bestandar.** Mattilgangen er ikkje god nok om vinteren for alle individ, men elles har kommunen hatt liten avgang av hjort som har vore sjuk. Meir vanlege dødsårsakar er skade ved fall og drukning ved flaum.
8. **Vinterbeiteressursane er begrensa, beiteskadene er betydelege og hjorten kan truge det biologiske mangfaldet.** Sjølv om beiteskadane ikkje har nådd eit kritisk nivå, er det ved mange landbrukseigedomar store økonomiske tap, og behov for tiltak i form av viltgjerder og skadefelling m.m.

## Sentrale omgrep i planen:

- *Bestandsplan*: «jaktrettshavernes offentlig godkjente, flerårige plan med mål for bestandsutviklingen, og beskrivelse av den årlige avskytingen» (§12).
- *Bestandsplanområde*: «et område bestående av to eller flere vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort. (...)
- *Vald*: «et areal som etter søknad er godkjent av kommunen eller villreinnemnda for jakt på hjortevilt»

## 2 Bakgrunn for overordna mål


### 2.1 Gamle måldokument

Mål for hjorteforvaltninga for perioden 2004-2014, vedteke av Stryn kommune den 17.09.2003:

- Kommunen, grunneigarane og jegerane, saman med lag og organisasjonar, skal samarbeide tett og godt for å oppnå felles mål i hjorteforvaltninga.
- Alle vald skal innan 2006 ha gått over til planbasert forvaltning av hjorten. Bestandsplanar skal utarbeidast for hjortebestandar.
- Kommunen og grunneigarane skal til eikvar tid ha best mogleg oversyn over hjortebestandane utifrå dei ressursmessige avgrensingar vi må akseptere.
- Ingen hjortebestand får vekse utover det nivå som vinterbeitene tillet.
- Ingen hjortebestand får vekse så stor at hjorten utgjer eit betydeleg trafikkproblem.
- Alle hjortebestandar skal ha ein mest mogleg naturleg alders- og kjønnssamansetjing.
- Hjortejakta skal føregå på ein mest mogleg human, sikker og samfunnstilpassa måte.

Desse sju målformuleringane var vidare utgreidd i måldokumentet både for å avklare omgrep som måldokumentet nyttar, og samstundes gjera måldokumentet eigna for etterprøving av resultat.

Sjølv om dei kommunale mål for forvaltning av hjort ikkje har vore fornya etter at målperioden gjekk ut i 2014, har måldokumentet vore brukt ved alle høve der nye bestandsplanar skulle godkjennast.



Figur 1. Mål for hjorteforvaltninga for perioden 2004-2014.

### 2.2 Kvifor nye mål?

Dei mest sentrale lovdokument som gjev bakgrunn for dei kommunale måla er viltlova med forskrifter. Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12) klargjer kravet om kommunale måldokument i §3, der det heiter:

*«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på artene. Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane».*

Måldokumentet er eit strategisk dokument for kommunen sitt arbeid med å sikre at kommunale mål vert følgd opp i praktisk forvaltning. I medhald av hjorteviltforskrifta §§12-14 skal kommunen godkjenne bestandsplanområde for hjortevaltninga, og i medhald av §§15-17 skal kommunen godkjenne alle bestandsplanane. §15 i forskriften stiller som eitt av fleire krav at: «Bestandsplanen skal innehalde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål».

Dei kommunale måla er fyrst og fremst eit strategisk måldokument. I Stryn kommune har vi hatt planbasert forvaltning av hjortestammene heilt sidan 1999, då vi fekk det fyrste planområdet. Dei fleste bestandsplanane refererer direkte til det kommunale måldokumentet. Som døme har alle bestandsplanområde gjort ærlege forsøk på å stagge veksten i hjortestammen, i tråd med kommunale mål. Men som det går fram av dette notatet har det likevel ikkje lukkast.

## 2.3 Krav til kommunale mål for hjorteforvaltninga

Dei kommunale måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling og bestandsutviklinga sin verknad på naturmangfoldet, skader på skog- og jordbruk og omfanget av viltulykker i form av bilpåkørsle.

Naturmangfoldlova § 8 stiller krav om fagleg grunnlag for offentlege vedtak:

*«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så lang det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologisk tilstand samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturgrunnlaget».*

## 2.4 Organisatoriske utfordringar

Dei organisatoriske utfordringane som kommunen tar stilling til i måldokumentet for hjorteforvaltninga er:

- **Redusere tal bestandsplanområde.** Ikke alle bestandsplanområde/storvald er organisert i tråd med retningslinene til hjorteviltforskrifta om at eininga skal huse mesteparten av leveområdet til ein hjortebestand. Oversynet i kapittel 4.5 syner at dette gjeld dei fleste bestandsplanområda i kommunen. Dersom nasjonale retningsliner og lokalkunnskap om bestandane vert lagt til grunn, vil truleg ei meir føremålstenleg løysing vere å ha totalt 6 bestandsplanområde: Eitt i kvart av dei tre hovuddalføra inn mot breen; Strynedalen, Lodalen og Oldedalen. Og tre planområde i Vikane, Nordsida og Markane. Det burde samtidig takast omsyn til at styret for bestandsplanområdet til eikvar tid skal kunne ha oversyn over forvaltninga i området.
- **Samarbeid.** Jobbe for at fleire bestandsplanområde skal praktisere ordningar med overgang mellom jaktfelt i vald. Ingen bestandsplanområde har til no praktisert overgang mellom vald etter avtale. Dette gjev ei stivbeint forvaltning med liten sjanse for å ta ut spesielt skadegjerande individ og grupper av dyr. Overskotskvoter kan tildelast jaktfelt eller vald om har fylt opp sine kvoter i bestandsplanområdet. Overskotskvoter kan kombinerast med overgangsordningar som gjer at ordningane kan opplevast som rettferdig.

- **Medverknad.** Det er viktig at den kommunale viltforvaltninga nyttar organisasjonane i høyring av viltsaker og tek dei med på råd i saker som vedkjem forvaltninga. Stryn Hjorteutval og Stryn Ettersøkslag er eksempel på organisasjonar som har stor betydning for hjorteforvaltninga i Stryn kommune.
- **Nyrekruttering.** Med økonomisk medverknad av viltfondet kan kommunen og organisasjonane gå saman om eit prøveopplegg for å sikre at fleire får sjansen til å prøve hjortejakt. Mange ungdomar lokalt, som har teke jegerprøven, har liten sjanse til å delta i organisert hjortejakt.

## 2.5 Andre forvaltningsmessige utfordringar

Dei andre utfordringane, som i stor grad vedkjem bestandsplanane sitt innhald, er:

- **Nytte datamateriale.** Det er ei utfordring for kommunen å nytte alt tilgjengeleg materiale for å kunne drive ei god nok forvaltning av hjorten. Fyrst og fremst gjeld det å nytte dataene frå det store merkeprosjektet vi hadde i Nordfjord frå 2001 til 2006. Dette er meir eller mindre varig kunnskap fordi trekkvegar ligg faste frå år til år. Andre kunnskapskjelder er Sett Hjort-registreringar, vårteljingsresultat, aldersbestemming for å finne storleik på dei ulike årgangane og produktiviteten i desse, og det gjeld vektutvikling på dyra og kjønnssamsetjing i bestandane.
- **Aldersbestemming.** Aldersbestemming av alle felte dyr bør føregå med jamne mellomrom fram til ein har fått hjortestandane ned på det bestandsmålet som det kommunale måldokumentet set og har rimeleg tryggleik for at dette er tilfelle.
- **Kjeveinnsamling.** Skape betre forståing for verdien av kjeveinnsamling for aldersbestemming av alle felte hjort i kommunen. Sjølv om aldersbestemminga av dyr eldre enn 1.5 år før eller seinare tek slutt, har denne innsamlinga også ein annan funksjon. Den er ein kontroll av avskytinga i høve krav i bestandsplanane. Denne kontrollen kan også gjerast på annan måte, men ikkje utan vidare mindre ressurskrevande måte.
- **Fellingskvoter.** Fellingskvotene i bestandsplanane er generelt for små eller oppfyllinga av kvota er for dårlig i høve den bestandsveksten vi har sett. Spesielt vert det felt for få dyr påfølgande år etter rekordhøge fellingstal. Bestandsplanane sin kvotestørleik bør ta utgangspunkt i forventa fellingsresultat + eit påslag som legg opp til 75-80% felling. På denne måten har ein ein sikkerheitsmargin i tilfelle bestandsvekst i planperioden.
- **Betre kjønnsbalanse.** Det vert felt for få fjorkoller og for mange hynnel. Ved å felle like mange ungdyr av begge kjønn kan dette også rette opp mangelen på rekrutteringa til meir eldre bukk. Alle bestandsplanar bør vise korleis planområdet har tenkt å redusere uttaket av hanndyr og auke uttaket av hodyr som er 1,5 år.
- **Betre aldersbalanse.** Fellingsprosenten på vaksen bukk, spesielt eldre dyr med meir enn 5 greiner pr gevirstang, er for høg. Dette vil rettast opp til ein viss grad ved å spare fleire hynnel (1.5 år), men bestandsplanane bør også vise tiltak for å få unngå felling av for mange eldre bukk. Vi må få tilbake representantar for dei verkeleg store dyra.
- **Meir uttak av kalv.** Jakttrykket på kalv bør vera minimum 30% i arbeidet mot ei sunnare hjortestamme. Det vil seie at felte kalv av totalt antal felte dyr bør vera over 32%. Alle bestandsplanar bør ha innarbeidd målsetjing og strategi for å felle meir kalv enn det vi gjer i dag.

## 3 Kva veit vi om hjortebestandane i Stryn kommune?

### 3.1 Bestandane har auka


Ein hjortebestand i balanse er ein hjortebestand der det vert født akkurat nok individ til å erstatte den avgangen av dyr som skuldast jakt, påkøyrsel, drukning, sjukdom, fallskader osv. Stryn kommune har følgd utviklinga i hjortestammene i kommunen sidan 1992, då vi starta aldersbestemming av alle felte dyr.

Trass i at vi har hatt eit par vintrar med kulde og svolt for hjorten i denne perioden, har dette ikkje voge opp for manglande avskyting, og bestanden har auka monaleg i perioden som heilheit. Ved at vi har aldersbestemming på alle felte dyr kan vi rekne oss tilbake til kor store dei ulike generasjonane var då dei vart fødd som kalvar, og vi ser gapet mellom det vi burde ha felt og det vi valde å ta ut av dyr.


Sidan 2005 har kommunen arrangert årlege vårtellingar, i tillegg til den ordinære Sett Hjort-rapporteringa under jakta. Fram til 2021 har vårtelleresultatet hatt ei auke frå 2,9 til 5,6 dyr per 1000 daa tellande areal. Resultata tyder på ei auke i bestanden også etter 2017.

Sjølv om Sett Hjort-indeksen tyder på at det har vore ein nedgang sidan 2017, er det usikkerheit rundt kvaliteten på dataene dei siste åra. Blant anna seier dei nye reglane at ein skal telle same individ kvar gong det blir sett. Dette kan ha ført til noko ulik praksis, viss nokon for eksempel har helt fram med å telle på den tradisjonelle måten. Sett Hjort-dataene viser likevel tydeleg at bestanden har auka betrakteleg sidan 2005. I 2005 var det telt totalt 3732 under jakta, medan i 2021 var det telt 8946.

Tabell 1. Resultat vårtellingar av hjort i Stryn kommune år 2005-2022.




Tabell 2. Sum sett hjort i Stryn kommune etter Sett Hjort-indeksen år 2005-2021.



Grafen under viser tilbakerekna produksjon i perioden 1985 til 2017, samanstilt med antal dyr skotne kvart av åra. I perioder der produksjonen er høgare enn tal felte dyr får hjortestammene ein auke. Som det går fram av figuren under har auken skjedd heile vegen frå 1985 til i dag avbrote av einskildår der det er skote like mykje dyr som det er produsert det same året.

Tabell 3. Estimert tal produksjonsdyr og sum felte hjort i Stryn kommune år 1985-2017.





Figur 2. Tannsnitt av hjortekolle på 20 år (19 vekstfelt i snittet). Skote i Stryn i 2010.

Det vi kan sjå er at produksjonen av hjort plutselig kan stige med langt bortimot 100 dyr på eitt år. Dette skuldast i liten grad sparing av vaksne koller i einskildår. Derimot er sjansen stor for at dette skuldast spesielt produktive og/eller store årgangar av koller som kjem inn i produksjon på same tid og gjer at kalvetalet skyt i været neste år. Dette har skjedd i 1989, 1992, 1995, 2000 og sannsynlegvis i 2012.

Tilsvarande har vi hatt ein veldig svak årgang i 2007, der produksjonen i 2008 fall med godt over 100 dyr. Dette kan skuldast hard vinter som har gjeve låge kalvevekter, som igjen har ført til at mange dyr som skulle hatt kalv i 2008 var for lette og utsatte fyrstegongskalvinga til året etter. Alt dette er biologi og noko vi kan gjera svært lite med.


Kommunen har hatt som mål å fyrst stabilisere hjortebestandane, og deretter redusere dei. Det vi kan lære av våre eigne tal er at vi greier år om anna felle tilnærma like mykje dyr som det som vert født. Det har skjedd i 1995, 1999, 2007, 2008 og 2010. Men alle dei andre åra frå 1985 har bestanden auka fordi vi har skote for få dyr. Historia ser ut til å gjenta seg; Når vi får eit år med sterke auke i fellingsresultatet, vert grunneigarane skeptiske og modererer uttaket for å vera sikre på å

«unngå utrydding av arten». Som eksempel kan dette ha skjedd i 1999 då vi hadde rekordavskyting, med sju påfølgjande år med kraftig underbeskatning. Ein endå meir markert avskytingstopp kom i 2017. Sjølv om avskytinga fall noko igjen i dei påfølgande åra (2018 og 2019), har nivået heldt seg over det i 2016. I 2021 var det ny rekordavskyting, og ein kan tenke seg at det vert ein ny nedgang i 2022 dersom det gamle mønsteret vert følgd. Dersom fellingsnivået i staden held seg nokonlunde likt og ein sørger for rett avskyting, kan det endeleg verte ein varig reduksjon i bestanden.

Kolla som var eigar av tanna i figur 2 stammar frå 1990-årgangen. Ved tilbakerekning har vi no full oversikt over denne generasjonen i Stryn kommune. Våren 1990 vart det født 334 kalvar dersom inn- og utvandring av dyr var like stor begge vegar. Heile tre koller frå dette årskullet rakk å bli meir enn 20 år og siste dyr vart skote i 2013 og var då 23 år.


I 1990 vart det felt 179 dyr i Stryn kommune. Noko av årsaka til dette gapet mellom antal fødte og antal felte kan skuldast at vi av ukjent årsak fekk ein spesielt produktiv årgang av koller i 1989. Dette kan igjen ha ført til eit hopp i fødselstalet frå 1988 på meir enn 80 dyr. Er det rart stamma har auka?

Tabell 4. Felte hjort per år i Stryn kommune år 1990-2021.



Dei tettaste hjortestammene i landet finn vi i øykommuner på vestlandet, og spesielt i Møre og Romsdal fylke. Også i Stryn er det stor variasjon i tettleiken på stammene målt i antal dyr felt pr 1000 dekar teljande hjorteareal. Som vi ser på figuren på neste side er det Olden/Oldedalen som har den tettaste bestanden. I 2017 og 2021 vart det der felt meir enn ein hjort pr 250 dekar hjorteareal. Også andre storvald inn mot breen har høge fellingstal, først i Strynedalen og no også i Lodalen. Minst tettleik på stammane har Vikane, og dernest Nordsida.


Tabell 5. Felte hjort per 1000 dekar i ulike delområde i Stryn kommune år 1994-2021.



### 3.2 Vektene på dyra har gått ned

Som det går fram av diagrammet på neste side har vektene på alle typer hjort gått betydeleg ned sidan 1992. Hjorteovervakingsprosjektet 1992-2006 konkluderte med at fyrste år med statistisk sikker vektredusjon som skuldast tettheita av dyr kom i 1999. Spesielt kunne ein sjå denne verknaden på ungdyr – som står lågast på rangstigen i matfatet. Dette ser ein spesielt i konkurransen om knappe vinterbeiteressurser. Men også kalven, som ikkje har opplevd nokon vinter når den vert skote om hausten, har gått ned i vekt. Dette kan henge saman med at kollene er i dårligare hold på grunn av stor tettheit, og vidare at dette kan gje seinare fødslar, som gje mindre kalvevekter om hausten.

Tabell 6. Gjennomsnittleg slaktevekt for hjort i Stryn kommune år 1992-2021.



### 3.3 Kjønnsbalansen er unaturleg

Gjennom Sett Hjort-registreringane som alle jegerar pliktar å delta i, kan vi fylgje utviklinga i kjønnsbalansen i hjortebestandane våre. I ein naturleg (ujakta) bestand vil forholdet mellom kolle og bukk vera nær 1, det vil seie like mange koller som bukk. Vi må rekne med at dette naturlege kjønnsforholdet også er det optimalt for arten.


Vi har samanlikna kolle/bukk-forholdet i vår kommune med nabokommunene Skjåk, Hornindal og Volda og dei store hjortekommunene Kvinherad og Flora. Tala er vist i tabell 7 og 8 på neste side, for år 1999-2021. I 2020 blei Flora og Vågsøy slått saman til Kinn kommune, og Hornindal blei slått saman med Volda. Årsaka til at grafane skiftar mellom 2018/2019 er at ein ikkje lenger kan hente fram data frå dei gamle kommunane i Hjorteviltregisteret.

I Stryn låg forholdet mellom kolle/bukk på rundt 2 i 1999 og 2001, men sidan det manglar data frå naboåra visar ikkje dette i linjediagrammet. Deretter visar tala at forholdet varierte mellom 1,4-1,6 fram til 2011, før det steig og nådde sitt høgaste punkt i 2018 med 1,8 koller pr bukk. I Skjåk ser ein at


ein jakta faktisk fleire bukk enn koller, og at forholdet ligg på rundt 1, i sterkt kontrast til Volda der ein ser meir enn 2 koller pr bukk.

I Stryn har ein sett meir enn 1,5 koller pr bukk også dei siste åra, og i 2021 låg indeksen på 1,75. Ideelt sett burde kolle/bukk-forholdet ligge mykje nærmere 1 enn 2. Dette sikrar både at vi har nok bukk til å ha ei produktiv stamme, og vi unngår seintfødte kalvar som følgje av ombrunst. I fyrste runde bør det gjerast ein innsats for å redusere kjønnsforholdet til under 1,5.

*Tabell 7. Tal hjortekoller per bukk etter Sett hjort-indeksen i kommunane Skjåk, Hornindal, Stryn, Kvinnherad, Flora og Volda år 1999-2018.*



*Tabell 8. Tal hjortekoller per bukk etter Sett hjort-indeksen i kommunane Kinn, Kvinnherad, Skjåk, Stryn og Volda år 2019-2021.*




I 2020 blei Flora og Vågsøy slått saman til Kinn kommune, og Hornindal blei slått saman med Volda. Årsaka til at grafene skiftar mellom 2018/2019 er at ein ikkje lenger kan hente fram data frå dei gamle kommunane i Hjorteviltregisteret.

### 3.4 Det burde fellast endå meir kalv

Trass i vektredusjon hjå dyra er reproduksjonen framleis svært høg. Utifrå Sett hjort ser ein i vår kommune i snitt 0,7 kalv pr kolle. Dette er eit høgt tal. I ein naturleg hjortebestand, med rovvilt tilstades, vil mange hjortekoller miste kalven på grunn av predasjon. Dette igjen fører til at kolla kan legge på seg større fettreserver og kan fø ein større og sterkare kalv året etter, i tillegg til å auke eige kroppsvolume.

Skal ein bygge opp ei sunn og god hjortestamme er felling av ein stor nok andel kalv eitt av krava. Sjølv om mange opplever det som om dagens fellingsmønster har for stor andel kalv, er det viktig at jakttrykket på kalv vert auka. Jakttrykket, målt i uttak av kalv i høve fødte kalvar det aktuelle året er i snitt berre ca 23% i vår kommune. Til samanlikning er jakttrykket både på 1-åringar, 2-åringar og 3-åringar vesentleg høgare og utgjer om lag 30%. Tabell 9 under viser snittal for jakttrykket på dei ulike aldersgruppene i vår kommune.


Tabell 9. Gjennomsnittleg jakttrykk per aldergruppe av hjort i Stryn kommune år 1989-2012.



I vår forvaltning har vi alltid tala om fellingsprosenten for kalv som % felte kalv av totalt antal felte dyr. I ein aukande hjortebestand er jakttrykket på kalv (% kalv felt av totalt antal født) mindre enn fellingsprosenten av kalv i tradisjonell tale. Dette er vist i tabell 10 under.

Jakttrykket på kalv bør vera minimum 30% i arbeidet mot ei sunnare hjortestamme. Det vil seie at felte kalv av totalt antal felte dyr bør vera over 32%. Alle bestandsplanar bør ha innarbeidd målsetjing og strategi for å felle meir kalv enn det vi gjer i dag.

Tabell 10. Fellingsprosent på hjortekalv av felte dyr og av fødte dyr i Stryn kommune år 1992-2018.



### 3.5 Vi kjenner hjorten sine leveområde


I perioden 2000-2006 gjennomførde vi Merkeprosjekt Hjort Nordfjord som eit samarbeidsprosjekt mellom alle Nordfjord-kommunene. I 2007 utarbeidde Utmarksressurs AS ein delrapport om status for prosjektet så langt. Mykje materiale er innsamla etter 2007, men det er ikkje utarbeidd nokon sluttrapport.

191 dyr vart merka i vinterbeiteområda rundt omkring i alle dei 7 kommunene i Nordfjord. 37 dyr vart merkte i overvintringsområde i Stryn kommune som vi kjente frå før. Desse overvintringsområda er framleis dei same i 2020.

I dei fleste overvintringsområda vart det merka svært få individ (2-3 koller). Spørsmålet var om dei var representative for den hjortebestanden som overvintra i det aktuelle området. Vi fekk ved eit feiltak ei god stadfesting på at vi kunne gjera det på denne måten: På Bryggja i Vågsøy var tre dyr planlagt merka, men på grunn av ei mistyding merka veterinæren året etter tre dyr i tillegg. Det vi registrerte var at dei tre siste gjorde akkurat som dei tre første; Dei trakk mot Vanylven på Sunnmøre på sommarbeite. Vi fekk dermed bekrefta at vi kan få mykje informasjon om hjortebestandar sine leveområde berre med 2-3 merka hjortekoller i same vinterområde.

## Trekk

Kommune: Stryn



Figur 3. Kartlagte trekkvegar for hjort i Stryn kommune, utarbeida i samband med «Merkeprosjekt Nordfjord – Delrapport 2000-2007».

### 3.6 Viktige regionale trekkvegar må sikrast og kollisjonsfarene må ned

Merkeprosjekt Hjort Nordfjord har avdekket fleire regionalt viktige trekkvegar. Hjortestammer med vinterbeiteområde heilt ut til Lote har regionalt viktige trekk austover til og frå sommarbeite på fjellryggen mellom Nordfjorden og Hornindalsvatnet og kryssar rv 15 mellom Sindre og Vegtun. Meir detaljert skjer kryssegangene mest koncentrert mellom Stryn Mekaniske Verkstad og sørenden av Langesetvatnet og i området mellom Skogstjerna og Sindre. All påkøyring av hjort viser desse viktige trekkkorridorane.

Ny E39 gjennom Markane er planlagt delvis i tunnell og delvis i dagen. Ei av strekningane med veg i dagen og planlagt kryss med E39/Rv 15 ligg i Daleskogen/Svartevatnet. Her kryssar også eit regionalt viktig hjortetrekk. For å unngå stadig kollisjon med hjort på ein på slike stader setja opp viltgjerde for å hindre hjortekryssing. Men spørsmålet vert då om hjorten finn alternativ. Som planmynde har kommunen ansvar for å sjå til at hjorten som art er ivaretaken i oversiktsplanlegginga.



Figur 4. Påkøyrt hjort i Erdal. Foto: Odd Rønningen.

Av lokal trafikk er det spesielt viktig å vera merksam på trafikken inn og ut av dei største tettstadane. Ei lokal stamme av hjort har etablert seg på Riseøyane og kryssar Rv. 15 kloss inntil Stryn sentrum. Denne stamma vert lite beskatta på grunn av manglande sikkerheit med jakt, og det kan måtte setjast i verk tiltak for å ta ut dyr i dette området.

Arbeid med ivaretaking av fallvilt, deriblant påkøyrd vilt, ligg til kommunen. Det kommunale viltfondet vert nytta til å betale for leigde tenester i dette arbeidet. Kostnaden med fallviltarbeidet nærmar seg no 100 000 pr år, medan heile fondet har årlege inntekter på opp mot 300 000.

Ei stor hjortestamme vil som regel koste meir for den kommunale viltforvaltninga enn ei tynn stamme. Likevel kan ein registrere lite samanheng mellom antall fallvilt registrert og kostnaden med å handtere dette viltet.

I 2018 kosta fallviltarbeidet i snitt dobbelt så mykje som i 2017 både når ein reknar i høve påkøyrd vilt og når ein reknar i høve total antal vilt som har omkome. Einskilde år kan det til dømes gå med mykje tid på å ettersøke observerte hjort med skade som er vanskeleg å finne igjen for ettersøkspersonalet. Uansett arbeidar kommunen for å halde kostnadane med fallviltarbeid så låge som mogleg.

Den mest effektive måten å redusere kostnaden på fallviltarbeidet på er uansett å redusere hjortestammene.

Tabell 11. Oversikt over fallvilt av hjort og kostnadar knytt til fallviltarbeid i Stryn kommune år 2004-2018.

År	Påkøyrt av bil (tal dyr)	Daude av sjukdom, skade og andre årsaker	Sum registrerte daude	Total kostnad med alt fallvilt-arbeid	Kostnad pr fallvilt registrert	Kostnad pr påkøyrd hjort
2004	16	11	28	15 500	554	969
2005	16	19	38	6 800	179	425
2006	9	20	29	14 850	512	1650
2007	16	35	51	20 510	402	1282
2008	37	18	55	46 165	839	1248
2009	20	37	57	33 909	595	1695
2010	10	25	35	23 356	667	2336
2011	21	56	77	23 500	305	1119
2012	13	18	31	42 269	1364	3251

<b>2013</b>	21	10	31	29 994	968	1428
<b>2014</b>	29	12	41	33 650	821	1160
<b>2015</b>	30	25	55	46 216	840	1541
<b>2016</b>	18	17	35	62 248	1779	3458
<b>2017</b>	46	12	58	82 967	1430	1804
<b>2018</b>	24	26	50	89 301	1786	3721

### 3.7 Faren for sjukdom aukar med større bestandar

Ei sunn og livskraftig hjortestamme har desse kjenneteikna:

- Har nok mat (spesielt om vinteren) til at alle friske individ får nok naturleg føde til å overleve og kunne formere seg og føde sunne avkom med livskraft.
- Har nok mat til at også ungdyr, som ofte er taparar i konkurransen får nok mat til å legge på seg også i vinterhalvåret.
- Har ein mest mogleg naturleg kjønnssamansetning slik at formering skjer i stort nok omfang og til riktig tid på året.
- Er mest mogleg fri for sjukdom fordi dyra er i godt hold.

I Stryn kommune har det vore liten avgang av hjort som har vore sjuk. Avgangen av dyr utanom jakt skuldast i hovudsak fysisk skade som følgje av fall, eller det skuldast drukning i flaumstore elver, ofte i kombinasjon. Fall i fjellsider på grunn av is har vore eit stort problem, men kommunen har støtta opp om minst tre fysiske tiltak for å redusere fallulykker. På eit punkt ovafor minnetavla i Bødal omkom i ei periode i gjennomsnitt 6 dyr pr år i snitt på grunn av is. Fjellhylla dyra passerte vart avstengt i begge ender og etter dette har vi berre hatt to påviste tilfelle av daud hjort.

Det vert systematisk samla inn prøver av alle vaksne fallvilt med tanke på skrantesjuke hjå hjort, også i vår kommune. Utvalde kommuner samlar også inn prøver frå ordinær jakt. Stryn kommune har ikkje vore plukka ut til slik prøvetaking. Men om sjukdomen skulle slå over frå villreinen til hjorten, må vi også rekne med at vår kommune må delta i arbeidet med å fjerne sjukdomen frå våre område.



Figur 5. Kolle med strandrøyrforgiftning på Rake, undersøkt av Mattilsynet.

Eit typisk teikn på strandrøyrforgiftning er eit dyr i normal kondisjon som har mista alle sanseevner. Det er ingen smittefare.

Smittbare viltsjukdomar er tettheitsavhengige. Det vil seie at desto tettare bestand vi har av arten, dess større er sjansen for sjukdomsutbrot og smittespreiing.

### 3.8 Vinterbeiteressursane er begrensa, beiteskadene er betydelege og hjorten kan truge det biologiske mangfoldet



*Figur 6. Navng av tre og vedhogst er ikke støtteforing av hjort. Men kanskje kan dette mattilboden hindre angrep på rundballageret.*

Gjennom kartlegging av vinterbeitene for hjort i kommunen har vi funne at beitepresset ikkje er kritisk stort. Tvert imot er beitegraden sjølv med dagens storleik på stammene, moderat til hard.

Men...

Mange etablerte og nyetablerte fruktdyrkarar i kommunen finn det uaktuelt å starte opp eller halde fram produksjon utan at fruktarealet er gjerda inne med eit to meter høgt viltgjerde. Slike tiltak har til no fått støtte frå det lokale viltfondet, også fordi det har vore relativt få prosjekt pr år. Men viltfondet vil ikkje strekke til dersom auken i gjerdeprosjekt held fram slik vi har sett dei to siste åra.

Og enda verre...

Einskilde bønder har så store skader på grasproduksjonsareal at dei også har byrja å gjerde inne desse. Det vert ikkje ytt tilskot frå det lokale viltfondet til slik gjerding. Og grunngjevinga er at desse beiteskadene kan og må hindrast ved å redusere hjortestammene. Denne grunngjevinga er viktig å halde fast ved, for vi kan vanskeleg tenkje oss ein situasjon der det står viltgjerde på to meter rundt alle fulldyrka areal i kommunen. Mange vil sjå på det som ei estetisk «forureining».

Idealsituasjonen er at vi får redusert hjortestammene så mykje at alle som driv landbruksproduksjon finn beiteskadene akseptable. Reduksjonen må skje på to måtar:

1. Ved å felle fleire dyr enn rekrutteringa totalt sett.
2. Ved å konsentrere jakta om innmark og felle alle potensielle skadedyr på innmark.

## 4 Organiseringa av hjorteforvaltninga i Stryn kommune

### 4.1 Kommunen sine oppgåver

Hjorteviltforvaltninga er todelt;

- Kommunen har ansvar for å ivareta viltet i all planlegging etter Plan- og bygningslova. For hjortevilt vil det i praksis seie å sikre trekkvegar for artane i høve veg og bebyggelse.
- Den andre delen, haustingsdelen, som er styrt av viltlova, har også kommunen det største ansvaret for.

Kommunen har desse oppgåvene i ressursforvaltninga av hjort:

- opning av jakt
- fastsettjing av minsteareal
- godkjenning av vald
- godkjenning av bestandsplanområde
- godkjenning av bestandsplanar
- utsteding av fellingskvoter
- innsamling og rapportering av fellingsstatisikk
- rapportering av daudt vilt og påkøyring av vilt
- innkreving av fellingsavgift
- forvaltning av kommunalt viltfond.

### 4.2 Andre viktige aktørar i viltforvaltninga utanom kommunen

Viktige aktørar utanom Stryn kommune i hjorteviltforvaltninga er:

- Bestandsplanområda og valda.
- Stryn Hjorteutval. Rådgjevande grunneigarorgan for den lokale hjoreforvaltninga. Høyringsorgan. Utvalet består av eitt medlem frå kvart storvald/bestandsplanområde.
- Stryn Ettersøkslag. Har avtale med kommunen om alt ettersøk av skada og påkjørt hjortevilt i kommunen og bidrag til fallviltstatistikken.
- Stryn Jeger og fiskelag. Arrangerer den praktiske delen av jegerprøven.
- Vestland fylkeskommune. Rådgjeving og tilskotsordningar.
- Fylkesmannen i Vestland. Klagesakshandsamar.
- Mattilsynet. Kontroll av viltkjøt og viltsjukdomar slik som Skrantesjuke.

Stryn Jeger- og fiskelag er ein viktig organisasjon spesielt for jegerar som ikkje er grunneigarar. Stryn JFL har over lang tid dreve arbeid for å få opp interessen for jakt og fiske blant dei unge. Vi veit at det er mange som årleg avlegg jegerprøven i kommunen. Men rekrutteringa blant hjortejegerane er svært dårleg. I andre kommuner har det vore eit større engasjement for å gje ungdom høve til å vera med på jakt i organiserte jaktlag. Dette bør vi også kunne få til i Stryn kommune.

### 4.3 Kommunalt viltfond

Kommunen har forvalta det kommunale viltfondet sidan 2001. Viltfondet kan berre nyttast til viltoppgåver, og kan ikkje nyttast til kommunal administrasjon. Inntektene til viltfondet er

kommunale fellingsavgifter for alle felte hjort i kommunen; kr 340 for vaksne dyr og kr 180 for kalv. Inntektene til fondet var i 2021 på ca. kr 354 000,-.

Vedtekne utgiftsposter er tilbakebetalt driftstilskot til alle vald med godkjent bestandsplan på 20% av betalt fellingsavgift. I 2021 utgjorde dette ca. kr 60 000,-. Vedteke driftstilskot til Stryn Hjorteutval for både 2021 og 2022 utgjorde kr 80 000,-. Utgifter til sortering av hjortekjever fra jaktåret 2021/2022 utgjorde ca. kr 46 000,-. Dette er lågare enn utgiftene ein hadde til same føremål i for eksempel 2018, kor det vart gjennomført aldersbestemming. Dette året låg utgiftene til sortering av kjever på kr 75 000,-.

Alt fallviltarbeid skal dekkast av det kommunale viltfondet. Desse har variert ein god del frå år til år men utgjorde ca. kr 83 000,- i 2018 og ca. 49 000,- i 2021. Tilsaman hadde vi meir eller mindre «bundne» utgifter på ca. kr 235 000,- i 2021. Før 2018 hadde fondet ein oppspart kapital på kr 560 000,-, og det vart ytt tilskot til tre viltgjerdeprosjekt for å beskytte frukt- og grøntproduksjon på ca. kr 70 000,- same året. I 2022 har fondet ein kapital på ca. kr 346 000,-.

#### 4.4 Grunneigarorganisasjonen

Dagens organisering av jaktrettshavarane i Stryn kommune er eit resultat av samarbeidet mellom kommunen og grunneigarane, delvis i disharmoni med stadig endring av lovverket.

I fyrste del av 1990-talet var talet på hjortevald i kommunen langt bortimot 100. Desse fekk sine årlege fellingskvoter med kvotetildeling som «retta avskyting», utan høve til samarbeid over valdgrensene. I 1998 hadde vi samla såpass mange småvald i felles einingar at vi var nede på 68 småvald. I 1999 hadde hjorteviltforskrifta opna for planbasert forvaltning i form av *driftsplanområde*. Eit krav til driftsplanen var at planområdet skulle vera organisert som eitt vald.

*Olden driftsplanområde vart det første området med planbasert hjorteforvaltning i fylket og Olden vald det første storvaldet.* Storvaldet vart organisert som ei prøveordning basert på underskrifter frå valdleiarane i alle småvalda som var med. Etter kvart organiserte dei fleste områda seg i slike storvald med driftsplan, og i 2004 hadde vi 11 storvald med driftsplan og 5 småvald som framleis hadde retta avskyting. Storvalda organiserte seg også i Stryn Hjorteutval på denne tida.

Lovverket vart endra, driftsplan vart til bestandsplan, og kravet om organisering i eitt vald vart teke vekk. No kom kravet om at eit bestandsplanområde skulle bestå av minimum to vald. Våre bestandsplanområde bestod av berre eitt storvald.

Enn så lenge har dei statlege viltmynde godteke av eit bestandsplanområde kan bestå av eitt organisert storvald, og etter kvart vert sannsynlegvis problemet løyst når to storvald går saman til eitt enda større bestandsplanområde, slik det gjorde då Olden og Oldedalen slo seg saman til eitt planområde i 2019. Vik og Bø består framleis som småvald utan planbasert forvaltning, men Stryn Hjorteutval har gjort vedtak i mars 2022 om at Vik skal inn under Markane og Bø inn under Nedstryn bestandsplanområde. Når dette skjer vil det kommunale målet frå 2003 om at alle vald skal ha gått over til planbasert forvaltning bli oppnådd.



Figur 7. Merka kolle i Hornindal på tur mot sommarbeite og kalvingsland (Same som på forsida.).

Dei 11 storvalda/bestandsplanområda i kommunen har organisert seg i det felles grunneigarorganet Stryn Hjorteutval. Organet gjev uttale til viltsaker som lokale eller regionale viltorgan tek opp. Stryn Hjorteutval har også vore aktiv i organiseringa av grunneigarane i storvald, og i 2017 beslutta utvalet at alle bestandsplanar skulle samkjøyrast frå og med 2019, med fire års plansyklos.

Tabell 12. Grunneigarorganisasjonen for jakt på hjort i Stryn kommune i 2022.

<b>Bestandsplanområde</b>	<b>Vald</b>	<b>Jaktområde</b>	<b>Jaktfelt</b>	<b>Areal</b>
Olden og Oldedalen	Olden Oldedalen (To storvald)		Auflem, Muri, Skarstein, Breiskreda, Skuggesida, Brynestad, Bruvoll, Løken, Melheim, Solheim, Eide, <a href="#">Beinnes</a> , Oldedalen Aust, Inste Oldedalen, Oldedalen Vest, Bukkeskora	72650
Oppstryn	Oppstryn (storvald)	Hjelle krins, Sunndalen, Erdalen og Flostranda	Grov, Skåre, Erdal, Fosnes, Veslebygda, Flo, Hjelle, Sunndalen	82950
Markane	Markane (storvald)		Øvre Røberg, Nedre Røberg, Sætren/Faleide, Langeset, Nybø, Maurset, Grenda, Svarstad, Bergsida, Dale, Haugen, Jutedalen, Blåsvadet	58050
Loen	Loen (storvald)		Loen, Tjuen, Sande, Sæten, Helset, Hogrenning, Bødal, Kjenndalen, Nesdal Indre, Nesdal Ytre	53 150
Utvik	Utvik (storvald)		Heggdal, Utvik aust, Verlo, Bruland/Valaker, Frøyset, Tistham, Moldreim	45050

Kvalen	Kvalen (storvald)		Ytre Henden, Indre Henden, Hopland, Åland, Rand, Tvinnereim, Randaskogen	42000
Blakset/Fjelli	Blakset/Fjelli (storvald)		Gald, Sølvberg, Bergset, Ulvedal, Roset, Blakset	27 600
Nedstryn	Nedstryn (storvald)		Rise-Ytreeide, Kirkeeide, Gjørven, Øvreeide, Stauri/Sætre, Årheim, Rake-Opheim	26 000
Eikjevadet	Eikjevadet (storvald)	Seljeflåna Eikjevadet	Brekke, Nesje, Berstad/Meland, Dispaa/Mindresunde, Storesunde, Lunde	23 350
Innvik	Innvik (storvald)		Hilde, Lyslo, Øverbygda, Skåden	20 400
(Utan bestandsplan)	Vik (småvald)		Vik	6 500
(Utan bestandsplan)	Bø (småvald)		Bø	2 050

## 4.5 Framtidig organisering utifrå hjortebestandar sitt leveområde

I det kommunale måldokumentet for Stryn kommune frå 2003 hadde vi eit målpunkt på at:  
 «Bestandsplanar skal utarbeidast for hjortebestandar»

Dette er utdjupa slik i dokumentet:

*«Bestandsplan kan berre godkjennast for vald som rommar minimum 50% av ein hjortebestand sitt leveområde. Bestandsplanen kan likevel romme små deler av andre bestandar sitt leveområde. Bestandsplan skal berre godkjennast om det kan dokumenterast minimum eitt svært viktig overvintringsområde for hjort i valdet».*

Valda i eit bestandsplanområde må til saman disponere eit tellande areal på minimum 20 gonger minstearealet for den respektive arten, jf. § 15 i nasjonal forskrift. Elles klargjer ikkje lovverket kva krav ein skal stille til ein hjortebestand, eller om ein bestandsplan skal dekke ein bestand sitt totale leveområde. Bestandsplanområda treng heller ikkje å vere samanhengande, slik valdet skal vera.

Derimot vegleiar til hjorteviltforskrifta (M-478) at:

*«Kommunen bør samarbeide med jaktrettshaverne for å oppnå en struktur på bestandsplanområdene som er hensiktsmessig for forvaltning av vedkommende art. Spesielt bør det arbeides for at alle vald som naturlig tilhører samme bestandsplanområde, blir med i samarbeidet.»*

I Utmarksressurs AS sin delrapport om Merkeprosjekt Hjort Nordfjord i 2007 er det gjort vurderingar av kartlagte hjortebestandar og kva totalt leveområde desse har. Klare skilje mellom bestandar er geografiske hindringar som breområde, høge fjell, fjordar og nokre stader også store elver. Som ein generell kommentar seier Utmarksressurs at lange dalføre krev større einingar enn eit meir ope kystlandskap. Ein annan konklusjon er at skiljet mellom bestandar er mest tydeleg langs botnen av dalføret og i mindre grad på tvers av dalføret.



Hjortekolla Minda vart merka på Mindresunde 2. mars 2002. Ho vart funne daud etter fall/steinsprang på Bolstad i Hjelledalen den 15. september 2009, 21 år gamal. Den 2. mai var ho som regel framme på sommarbeitene på Bolstad og den 20. oktober var ho tilbake til vinterbeiteet på Mindresunde kvart einaste år.

Kor stor hennar flokk var veit vi ikkje. Men ho levde i eit viktig vinterbeiteområde saman med svært mange dyr, og ho hadde sommarbeite i eit område som også er kjent for stor hjortestamme. Vinter- og sommarbeitet hennar var i to forskjellige storvald/bestandsplanområde.

*Figur 8. Hjortekolla Minda, merka i samband med «Merkeprosjekt hjort Nordfjord».*

Nedanfor er det gjort ei vurdering av korleis organiseringa av dei eksisterande bestandsplanområda i Stryn følgjer kommunale mål, nasjonale mål og kunnskap om lokale bestandar basert på merkeprosjekt.

Basert på denne vurderinga vil det vere meir føremålstenleg å ha totalt 6 bestandsplanområde i staden for dei 10 eksisterande: Strynedalen, Lodalen, Oldedalen, Vikane, Nordsida og Markane (sjå kapittel 2.4.).

*Tabell 13. Vurdering av dagens organisering av dei ulike bestandsplanområda i Stryn kommune, ut frå vinterbeiteområde, kommunale mål og statlege retningslinjer.*

Bestandsplanområde	Vinterbeiteomr.	I høve kommunale mål	I høve statlege retningslinjer	Framtidig organisering
Oppstryn	Hjelledalen og Erdal innan planområdet og Mindresunde utanfor.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing.	Tilfredsstiller ikkje retnings-linene fullt ut fordi vinterbeite-område ligg utanfor.	Bestandsplan-område for heile Strynedalen.
Eikjevadet	Veldig viktig vinterområde på Mindresunde.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing (50%).	Tilfredsstiller ikkje retn.-liner om 100% av leveområdet for nokon bestand.	Bestandsplan-område for heile Strynedalen.
Nedstry	Område av aukande betydning på Kirkeeide, Gjørven og Øvreeide.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing.	Tilfredsstiller ikkje retningsliner om 100% av leveområdet for nokon bestand.	Bestandsplan-område for heile Strynedalen, der også Bø vald er med i planomr.
Loen	Viktig vinterbeite i Loen, med spreidde del-bestandar i dalføret. Viktig vinterområde på Mindresunde i Strynedalen.	Har meir enn halve leveområdet til bestandar i Strynedalen og Olden og heile leveområde for	Området kontrollerer eit heilt dalføre og planområdet har vist at det kan forvalte fleire bestandar innan	<i>Bør vera som det er i dag. Felles bestandsplan-område med Strynedalen og med Olden-Oldedalen kan</i>

		spreidde bestandar i dalføret.	eigne grenser.	vere optimalt m.o.t bestand., men kan vere for stort å forvalte.
Olden-Oldedalen	Dalmunningen i Olden den viktigaste i kommunen.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing.	Tilfredsstiller retrn.liner med noverande avgrensing.	Bør vera som det er i dag.
Innvik	Vinterområdet ligg hovusakleg på Heggdal og dermed utanfor planomr. Kan variere noko etter snøforhold m.m.	Tilfredsstiller i liten grad kommunale mål i høve avgrensing.	Har ingen hjortebestand sitt totale leveområde i planområdet.	Felles bestandsplan-område med Utvik vil vere positivt.
Utvik	Viktig område på Tisthamar. Spørje Bente Drageset kva område Innvik meiner at vi burde ha med.	Tilfredsstiller krava til min. 50% av leveområde.	Området har ikkje heilårs leveområde for nokon bestand.	Felles bestandsplan-område med Innvik vil vere positivt.
Markane	Ved Svarstad-Faleide og Dalane-Kjøs. Sommarbeite for bestandar på Nordsida.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing for fleire delbestand.	Ganske mange bestand. Vanskeleg å finne optimale grenser m.o.t hjortebestandar.	Felles bestandsplan-område med Nordsida eller Hornindal vil vere positivt.
Blakset/Fjelli	Uoversiktleg vinterbeite-område i stranda. Hjort på sommarbeite frå vinterområdet på Lote/Hennebygda.	Tilfredsstiller krava til 50% av leveområdet for mindre bestandar.	Planområdet har ingen grenser med lite kryssing av hjort. Tilfredsstiller i liten grad retningslinene.	Felles bestandsplan for Nordsida Kvalen og Blakset/Fjelli vil omfatte heilårs leveområde for ein betydeleg hjortebestand.
Kvalen	Viktig område i Hennebygda og utanfor planområdet i Lote.	Tilfredsstiller krava med noverande avgrensing.	Overvintrande hjort frå Lote kjem inn i området og delbestandar går lenger austover på Norsida.	Felles bestandsplan for Kvalen og Blakset/Fjelli vil omfatte heilårs leveområde for ein betydeleg hjortebestand.

# Kjempebukk felt i Lodalen

Fjordingen  
fredag 9. okt.  
1992.



Jaktlaget heim etter ein strabasies dag. Frå venstre Asle Rasmus Seljeset, Svein Seljeset, Birger Hogrenning og Kjell Hogrenning.

— Eg såg at det var ein stor bukk. Men at han skulle vere så svær trudde eg ikkje, seier Svein Seljeset. Saman med jaktkameratane Birger Hogrenning, Kjell Hogrenning og Asle Rasmus Seljeset felte han ein kronhjort på heile 160 kilo. Så vidt Fjordingen kjenner til, er det rekord i Stryn kommune.

Dei fire karane jaka på valdet til Nesdal ytre. Dei hadde jag frå «Brekråna» i Lodalen. På post sat Birger Hogrenning og Svein Seljeset. Jaget pågikk i fleire timer. Men ingenting skjedde.

— Då jagarane kom fram til oss som sa på post, dukka det opp ein hjort på ca 150-200 meters avstand. Eg skaut og såg at bukken small opp med baksistene. Eit godt teikn på skikkeleg treff. Likevel sprang han bak nokre busker. Eg

byrja tvile på om eg hadde fått inn nádeskotet, og sende avgarde eit par til for å kjempe han ned. Bukken kom så opp på ein skrem og vart ståande i ro. Då fekk eg tid til å sikte skikkeleg. Skotet i halsen sende bukken i bakken, fortel Seljeset.

Han og dei andre i jaktlaget vart forbausa over storleiken. Sjølv om det var ein gammal bukk, var han i uvanleg godt hold.

Dei fire karane fekk ein stri tern med å frakte kjøtet heim til gards. Men så er det då heller ikkje normalt med slik fangst.



Denne 6-greinaren  
skaut Svein Seljeset i  
Nesdalen.

Figur 9. Avisutklipp frå avisene Fjordingen fredag 9. oktober 1992.

Det var ein gong...

## 5 Forvaltningsmål i planperioden

### 1. Redusert stammestorleik

Hjortestammane skal stabiliserast på eit nivå der det blir født og skote ca. 700 hjort per år. Dette tilsvrar ein stammestorleik vi hadde fram til 2003, og fører til at vi må drive reduksjonsavskyting i fleire år frå 2017-nivået.

1.1. Ny stammestorleik skal ikkje vere større enn at grasforproduksjon kan skje utan inngjerding med viltgjerde.

1.3. Ny stammestorleik skal ikkje vere avhengig av vinterfôring, og beiteutsette planter som alm skal kunne forynge seg der den er naturleg førekommende.

### 2. Mål for naturleg samansetting i hjortestammen

Hjortebestammen skal beskattast på ein måte slik at den har ei mest mogleg naturleg alders- og kjønnsfordeling.

2.1. Forholdstalet kolle/bukk i Sett Hjort skal stabiliserast på under 1,5.

2.2. Vi skal oppnå kjønnsbalanse i beskatninga av ungdyr ved å auke uttaket av unge hodyr og redusere uttaket av hynnel.

2.3. Uttaket av kalv burde aukast til 32% innan 2030, og skal ligge på minst 25% i kvar bestandsplanperiode. Dette slik at jaktpresset på kalv, ungdyr og toåringar vert på same nivå; 30 % av aldersgruppa sin gjenlevande storleik. Prosentandelen gjeld for den samla forvaltninga i bestanden, og det lokale uttaket vil derfor kunne variere mellom ulike område.

2.4. Ny kjønnsbalanse skal vere slik at alle bestandsplanområde har registrert minimum ein storbuks (6-greinar eller meir) per 5 000 dekar teljande hjorteareal etter at jakta er slutt.

### 3. Mål for organisering i bestandsplanområde

Bestandsplanområdet skal romme minimum heile leveområdet til minst *ein* betydeleg hjortebestand og all hjortejakt i kommunen skal skje med bakgrunn i planbasert forvaltning.

3.1. Stryn kommune skal stimulere til ein reduksjon i tal bestandsplanområde. (Eit bestandsplanområde består kun av dei valda som har gjeve samtykke til samarbeidet, jf. vegleiar M-478, 2016).

3.2. Alle vald skal ta del i planbasert forvaltning.

3.3. Bestandsplanområde som kryssar kommune- og fylkesgrenser skal kunne halde fram grenseoverskridande.

### 4. Mål for utøving av hjortejakta

Hjortejakta skal føregå på ein mest mogleg human, sikker og samfunnsmessig akseptert måte.

4.1. Ingen morlause kalvar på grunn av fråskyting av mora skal gå igjen etter jakta.

4.2. Hjortejakta må ikkje verke ekskluderande på andre måtar å nytte utmarka på, slik som bærplukking, småviltjakt og anna friluftsliv.

4.3. Fyrstegongsjegerar skal få høve til å delta i forsøk med hjortejakt i kommunen gjennom eit prøveprosjekt med kommunen og organisasjonane.

## **5. Mål for arealbruk og avbøtande trafikktiltak**

Hjortestammane sine leveområde og trekkvegar skal bevarast, og tal hjorteviltpåkøyrlar i kommunen skal reduserast til maks 24 per år.

5.1. Hjorten sine leveområde og trekkvegar skal bevarast i arealplanlegging og i samband med alle nye utbyggingsprosjekt. For å oppnå dette skal ein med anna ta i bruk eksisterande lokalkunnskap og data frå Merkeprosjekt Hjort Nordfjord, og andre datakilder, som sett hjort-registreringar, påkøyrselssstatistikk m.m.

5.2. Kommunen skal jobbe for ein nedgang i tal årlege hjorteviltpåkøyrlar ved å sørge for at avbøtande tiltak blir vurdert langs vegstrekningars med høg risiko, for eksempel siktrydding, fartsreduksjon og viltgjerder i kombinasjon med faunapassasjar.

5.3. Kommunen skal ta initiativ til at det blir utarbeida ein sluttrapport for Merkeprosjekt Hjort Nordfjord.